

MED ÅRER & FJELLSTØVLER TIL VENDING



HARDANGER
FARTØYVERNSENTER



Me gjentek suksessen frå i fjor!

Start: Fredag 8 september kl 16.00 på Hardanger Fartøyvernssenter

Med sekkar og utstyr om bord i båtane, legg me ut på ro-ferda mot Rossholmen (Fykkesundet). Strekka tek ca 2 - 3 timer. Me slår opp telta og lagar leirbål før køy-strekk for å samle krefter til neste dag.

Laurdag pakkar me sekkane i båtane og startar roinga mot Botnen ca kl 0800. Strekka frå Kvamsøy til Botnen tek 2,5 til 3,5 timar. I Botnen vert det lunch før me startar fjellvandringen mot Vending. Strekninga tek med vanleg turlagstempo og matpause ca 6 timar. Turen går opp Botnadalen til Gråurdvatnet og vidare til Breisete. Her tek me stien vestover opp til vatna og kjem etter eit par kilometer inn på hovudstien mot Vending.

Sundag et me frukost kl 0900 og er klar til heimtur (12 km) om lag kl 1100.

Me vandrar ned Solheimdalen, gjennom Vossadalen til Fitjadalsvatnet og reknar å vere der om lag kl. 1500. Herfra er det skyss tilbake til fartøyvernssenteret.



Praktisk info:

Dato: 8. - 10. september

Påmelding: 6. september

Kontakt: Peter Helland-Hansen, tlf 48 06 24 49

Passer for: Folk som er vand med å gå til fjells med sekk og klarer nokre timar ved årane.

Utstyr: Fjellutstyr med telt, nærmere info ved påmelding.

Robåtar: Fartøyvernssenteret sine robåtar.

Redningsutstyr: Tek turleiar seg av. Flytevester til utlån på fartøyvernssenteret.

Les meir detaljert om turen på Kvam turlag sin side.

Vanskelighetsgrad: Krevjande.



ROLIG ROTUR TIL VIKØY



HARDANGER
FARTØYVERNSENTER



Bli med på den årlege roturen, under Hardanger trebåtfestival, til Vikøy og tilbake.

Flotiljen av fartøy som er på veg heim etter Hardanger trebåtfestival glir forbi oss mendan me ror til Vikøy. Me nyttar den vakre stranda med alle nausta og dreg opp båtane. Det er eit vakkert syn! I år besøker me prestegarden i Vikøy. Borgstova vert staseleg gjenopna og me får høyra om restaureringsarbeidet som er utført. Før returen tek me ein matbit i tunet. Vaffler og kaffi er for sal.

Start: Søndag 18. juni kl 10 på Hardanger Fartøyvernssenter

Denne turen høver for alle! Når me set oss fleire ved årane så treng ikkje kvar og ein vera så god til å ro. Det monnar når me er mange og strekket ikkje er langt. Roturen tek ca ein time, kvar veg.

Retur: Søndag 18. juni ca kl 14 på Hardanger Fartøyvernssenter



Praktisk info:

Dato: 18.juni kl 10

Påmelding: 16.juni

Kontakt: Cecilie Holm 95 25 61 18

Passer for: Folk som ynskjer å vera med på ein rotur. Treng ikkje forkunnskapar eller god form. Utstyr: Varmt tøy ein ikkje er redd for.

Robåtar: Fartøyvernssenteret sine robåtar og kanskje andre kyrkjebåtar.

Redningsutstyr: Flytevester er til utlån på fartøyvernssenteret.

